

23.09.2022

Kjære medlemmar,

Stipend frå BUF: søknadsfrist 1. november!

Da har tida kome for å søke om stipend frå faggruppa igjen! Kurset/konferansen må vere avvikla og du må ha vore medlem i faggruppa i eitt år for å kunne søke. BUF har kr. 15 000 til fordeling kvart semester. Du finn meir om kriteria og eit enkelt søknadsskjema her: <https://fysio.no/Forbundsforbidden/Organisasjon/Faggrupper/Barne-og-ungdomsfysioterapi/Faggruppens-stipender/Stipend-til-fagutvikling>

IOPTP og gratis webinar 29.09.22 kl. 14.30-16.00 (norsk tid).

Det er mange kurs rundt omkring- men det er ikkje så ofte vi har mulegheit til å delta på gratis digitale internasjonale barnefysioterapikurs. IOPTP står for International Organisation for Physiotherapists in Paediatrics, der NFF er medlem. Kopier lenka for informasjon om webinarret:

[file:///C:/Users/ingun/Downloads/IOPTP%20Physical%20Activity%20and%20Fitness%20%20Session%201%20WEBINAR%20\(1\).pdf](file:///C:/Users/ingun/Downloads/IOPTP%20Physical%20Activity%20and%20Fitness%20%20Session%201%20WEBINAR%20(1).pdf)

I sommar deltok leder i BUF på eit digitalt møte i IOPTP. Det var utruleg fascinerande å møte barnefysioterapeutar frå alle tidssoner og kontinent: frå Kongo, Saudi Arabia, Australia, USA- heile 27 land var representert! Webinarret nemnt over er eit ledd i å formidle kunnskap på tvers av landegrensene og det vil bli arrangert fleire webinar i IOPTP-regi framover. Dette kan du halde deg oppdatert om på facebookside til IOPTP: <https://www.facebook.com/IOPTP/> Les nyheitsbrevet frå ledaren i IOPTP, der du får innblikk i kva som rører seg internasjonalt: https://www.ioptp.org/_files/ugd/2a564c_6f2214fdcf784c38916ebd1634c00131.pdf

Digitalt haustwebinar i BUF 3. november:

Det er stor interesse for webinarret med tema: «Perspektiver på relasjonar i fysioterapi for barn og ungdom».

<https://fysio.no/Forbundsforbidden/Kurs/Kurskalender/Hoestwebinar-for-faggruppen-i-barne-og-ungdomsfysioterapi> Det er viktig at vi i Norge også har mulegheit til å diskutere barnefysioterapi på tvers av geografiske grenser. Dette er noko kursdeltakere på NFF-kurs alltid trekker fram som spesielt nyttig. Så, bli med 3. november!

Kurs for erfarne fysioterapeutar:

Opp gjennom åra har vi fått ein del innspel på ønske om kurs for erfarne fysioterapeutar, som blant anna treng kurstimar for å oppretthalde spesialisttittelen sin. Om du er ein av desse, vil vi gjerne ha innspel på ønska type kurs. Vi ser for oss workshopretta, casebasert kurs- kva tenkjer du? Ta kontakt hvis du har innspel!

Vervekampanje, frist 21. oktober:

Vi har to NUBU-koffertar som vi ønsker å gi bort til eit medlem som verver eit nytt medlem til faggruppen for barne- og ungdomsfysioterapi innan 21.oktober. Dette gjer du på følgjande måte: Send e-post til barneogungdom@fysio.no med namn på den du har verva- og som har meldt seg inn i BUF via NFF sine medlemssider innan 21. oktober!

NUBU:

NUBU-testkofferten kan fortsatt kjøpast av BUF-medlemmar for halv pris hos Universitetsforlaget, bruk rabattkode fysio, full pris er kr. 6899.
<https://www.universitetsforlaget.no/nubu-4-16-testkoffert-1> Det gjenstår fortsatt å gjennomføre NUBU-kurs i region Nord, Vest og Midt, men datoar er ikkje satt enno.

Nytt redaksjonsmedlem i tidsskrift for barne- og ungdomsfysioterapi!

Det er ønske om eit redaksjonsmedlem som i første omgang kan bidra fram til årsmøtet 15. mars 2023. Ta kontakt om du har lyst til å prøve deg i redaksjonen. Det er både lærerikt og artig!
<https://www.barneogungdomsfysioterapi.no> Om du trives med det, kan du jo stille til valg i redaksjonen på årsmøtet.

Mykje fagstoff kan du finne i tidsskriftet, men kanskje har du også interesse av å lese denne artikkelen om langtidseffektane av veksthormon:
[https://www.thelancet.com/journals/lanchi/article/PIIS2352-4642\(22\)00240-1/fulltext?dgcid=raven_jbs_aip_email](https://www.thelancet.com/journals/lanchi/article/PIIS2352-4642(22)00240-1/fulltext?dgcid=raven_jbs_aip_email)

Kiropraktikk og småbarn

Som mange kanskje har fått med seg har det vore ein diskusjon på faggruppa sitt forum på facebook. Dette omhandla reklame for kiropraktikk og småbarn. Dette tar vi på alvor og BUF følger opp saken vidare.

Godt regionstyre/leder-valg! Vi oppfordrer alle til å stemme- din stemme er viktig!

På vegne av styret, Ingunn Skogseth-Stevens

Leder i Faggruppen for barne- og ungdomsfysioterapi (BUF)

Kontaktinfo:

barneogungdom@fysio.no